



# Gloppen kommune

## Møtebok

---

<b>Utval</b>	Eldrerådet
<b>Møtestad</b>	På Søreide - formannskapssalen
<b>Dato</b>	03.04.2017
<b>Tid</b>	Kl. 13:00 - 15:00

---

### Følgjande medleamar møtte

Arnar Hans Kvernevik  
Arnfinn Jørgen Brekke  
Egil Holme  
Hans Myklebust  
Maria Lundestad  
Olav Felde  
Olav Moritsgård

### Frå

AP  
KRF

### Andre som møtte

Anita Lothe, helse- og omsorgssjef i sak 8/17 – 11/17  
Beate Kornberg, sekretær

Møteleiar: Olav Moritsgård

### Underskrifter:

---

Olav Moritsgård

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
006/17	Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste
007/17	Referat og orienteringssaker
008/17	Sluttrapport frå prosjektet forebyggande heimebesøk
009/17	Kommunal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet - høyring
010/17	Omdisponering av ressursar frå dagtilbod til reinhald i Breim heimeteneste - utprøving i eit år
011/17	Planprogram for helse og omsorgsplan 2018-2030



Saksnr.	Utval	Møtedato
006/17	Eldrerådet	03.04.2017

## Godkjenning av møteprotokoll, innkalling og sakliste

### Vedlegg i saka:

13.02.2017      Protokoll - Eldrerådet - 13.02.2017

### Leiaren i rådet si tilråding:

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 13. februar 2017
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 3. april 2017

Møteprotokollen frå eldrerådet sitt møte den 13. februar 2017 blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber leiaren i rådet om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

### Eldrerådet 03.04.2017

### Behandling

#### ELD- 006/17 Vedtak

1. Eldrerådet godkjenner møteprotokollen frå sitt møte den 13. februar 2017
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 3. april 2017

Vedtaket var samrøystes.



Saknr.	Utval	Møtedato
007/17	Eldrerådet	03.04.2017

## Referat og orienteringssaker

### Referatsaker

#### Tittel

Sak tilmeldt frå Sogn og Fjordane pensjonistforbund om ernæring og eldre  
Talerett for råda i kommunestyret

#### Avsendar/mottakar

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane  
EldrerådetLeidulf GloppestadRådet for  
menneske med nedsett  
funksjonsevneUngdomsrådet

### Orienteringssaker:

Eldrerådet har fått tilsendt årsmelding 2016 frå fylkeseldrerådet og eit skriv med tilbod om kurs eller foredrag om velferdsteknologi frå pensjonistforbundet sentralt.

### Ordet fritt...

### Eldrerådet 03.04.2017

#### Behandling

Eldrerådet drøfta saka om "Ernæring og eldre" frå Sogn og Fjordane pensjonistforbund.

#### ELD- 007/17 Vedtak

Eldrerådet ber om at helse- og omsorgssjef Anita Eide Lothe legg fram ei orienteringssak til neste møte, der det vert orientert om vår praksis rundt måltid ved omsorgssenteret og kva erfaring andre kommunar har gjort seg med flytting av tidspunkt for middagen.

Vedtaket var samrøystes.

Det vart ikkje gjort vedtak i dei øvrige sakene.



Saksnr.	Utval	Møtedato
013/17	Helse- og omsorgsutvalet	05.04.2017
008/17	Eldrerådet	03.04.2017
010/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	03.04.2017

## Sluttrapport frå prosjektet forebyggande heimebesøk

### Vedlegg i saka:

14.03.2017 Sluttrapport forebyggande heimebesøk

### Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I helse- og omsorgssektoren i Gloppen kommune har vi gjennomført prosjektet oppstart av forebyggande heimebesøk. Vi har motteke tilskot til prosjektet frå fylkesmannen og helsedirektoratet. Denne saka er ei orientering og sluttrapport frå prosjektet.

#### Innhald og erfaringar frå prosjektet

Hovedmålet med prosjektet var å kome i gang med tenesta forebyggande heimebesøk. Vi har etablert tenesta, gjort oss erfaringar og tilpassa organiseringa vår eigen organisasjon.

Prosjektet har gått som planlagt. Vi har innhenta erfaringar frå organisering av forebyggande heimebesøk andre stader gjennom rapportar o.a. Vi har gjort oss erfaring med både individuelle besøk og gruppetilbod. Tilbodet er organisert etter konseptet lærings- og meistringstilbod og vi har hatt med brukarrepresentantar i prosjektet. Dette har vore svært positivt for prosjektet.

Vi har gjennomført forebyggande heimebesøk i heile kommunen som gruppesamlingar og i tillegg individuelle besøk i eit geografisk område. Vi har fått positive tilbakemeldingar frå dei som har delteke. Tilbodet er evaluert som nyttig. I prosjektgruppa har vi evaluert arbeidet kontinuerlig og justert opplegget undervegs i perioden. Det er laga materiale i form av invitasjonar, presentasjonar og innhald til seminar bruk i gruppesamlingar og individuelle besøk.

Ansvar for vidareføring av forebyggande heimebesøk er plassert. Vi har ikkje ekstra midlar å bruke i samband med forebyggande heimebesøk, slik at oppgåva må løysast innanfor dei gjeldande rammene vi har tilgjengelege. Einingsleiarane i dei ulike heimetenesteområda Sandane, Breim og Hyen har hovudansvaret i sitt geografiske område i samarbeid med andre aktuelle tilsette i sektoren. Vi planlegg samlingar anna kvart kvart år med oppstart i 2018. Vi skal då arrangere informasjonsmøter/helsestasjon for eldre. Dette vert gruppesamlingar der to årskull vert invitert til samlinga. Det skal arrangerast gruppesamlingar både i Breim, på Sandane og i Hyen. Vi startar opp i 2018 med dei som er fødte i 1946 og 1947 i lag med ektefeller. Dei som ynskjer individuelle

heimebesøk vil få det av tverrfaglig team knytt til kvardagsrehabilitering.

I prosjektet har vi spelt på kompetanse som vi allereie har i organisasjonen og vi ser at satsinga fell godt saman med andre satsingar vi har i kommunen. Desse satsingane sett under håpar vi vil bidra til å førebygge og utsette behovet for tenester og bidra til at innbyggerane vert sjølvstendige lenger. Dette vil vere av stor verdi for den enkelte og rett bruk av ressursar i kommunen. I kva grad vi vil kunne sjå denne effekten er sjølvstendige tidleg å vurdere og vil måtte sjåast i samanheng med andre satsingar i kommunen og anna utvikling i samfunnet.

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.04.2017**

##### **Behandling**

Helse- og omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

#### **RAD- 010/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek saka til orientering, og oppmodar administrasjonen til å bruke omgrepet "seniorar" i staden for "eldre".

Vedtaket var samrøystes.

#### **Eldrerådet 03.04.2017**

##### **Behandling**

Helse- og omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

#### **ELD- 008/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orintering.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Helse- og omsorgsutvalet 05.04.2017**

##### **Behandling**

#### **HOU- 013/17 Vedtak**

Helse- og omsorgsutvalet tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
009/17	Eldrerådet	03.04.2017
011/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	03.04.2017

## Kommunal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet - høyring

### Vedlegg i saka:

08.02.2017 Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet

### Kort samandrag av saka

Helse- og omsorgsutvalet la framlegget til kommunal forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller omsorgsbustad med bemanning gjennom heile døgnet ut på høyring med høyringsfrist 20. mars 2017. Eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne får no saka som ein del av høyringsprosessen.

### Rådmannen si tilråding

Rådmannen kjem ikkje med tilråding.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

13 juni 2016 vedtok Stortinget lovendringar i pasient- og brukerrettighetslova og i helse- og omsorgstjenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterier og ventelister.

Forslaget til kommunal forskrift blir no lagt fram for eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne til uttale.

#### Fakta i saka

Rådmannen la framlegget for forskrift fram for helse- og omsorgsutvalet med denne utgreiinga:

«Føremålet med lovendringane er å tydeleggjere retten til sjukeheimplass eller opphald i tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

Retten er presisert i pasient- og brukerrettighetslova § 2-1e første ledd. Av lova går det fram at dersom ei helse og omsorgsfagleg vurdering tilseier at det einaste kommunale tilbodet som kan sikre pasienten/brukaren nødvendig og forsvarlege helse- og omsorgstenester er i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, er dette ein rett pasient/brukar har.

Kommunen si plikt til å tilby slike tenester er presisert i helse- og omsorgstjenestelova § 3-2a.

Ny § 3-2a andre ledd i helse- og omsorgstjenestelova gjev kvar kommune plikt til å utarbeide kommunal forskrift med kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende

bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester. Forskrifta skal omfatte pasientar/brukarar som vil vere best tente med langtidsopphald eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, men der kommunen vurderer at vedkomande sine behov kan verte dekkja med forsvarlege tenester frå kommunen i heimen medan ein ventar på langtidsopphald.

Pasientar/brukarar som med forsvarleg hjelp kan bu heime medan dei ventar på plass, skal ha rett til vedtak. Vedtaket inneber at vedkomande er kvalifisert for langtidsplass eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester og skal stå på venteliste. Ny § 3-2a 4 ledd i helse- og omsorgstjenesteloven pliktar kommunen til å føre ventelister over pasientar/brukarar som ventar på langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

Regjeringa vil innføre nasjonale kriterium for tildeling av langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande etter at det er gjort erfaringar med dei kommunale kriteria og evaluering av forsøka med statleg finansiering av omsorgstenestene. Dei nasjonale kriteria er heimla i helse- og omsorgstjenestelova § 3-2a 3. ledd.

Det nasjonale målet er å få ordninga i gang i løpet av 2017. Helse- og omsorgsdepartementet har som mål å få sett i kraft dei resterande lovendingane knytt til kommunale kriterium og ventelister frå 01.07.2017. Dette inneber at dei kommunale forskriftene må vere vedtekne slik at dei seinast kan tre i kraft 01.07.2017.

Hausten 2016 sette kommunalsjefnettverket i helse, omsorg og sosial i Nordfjord saman ei arbeidsgruppe som laga eit framlegg til forskrift som kunne vere felles for Nordfjordkommunane. Det er dette framlegget som er sendt ut på høyring.

Når kommunen utarbeider forskrifter, gjeld reglane i forvaltningslova om utgreiingsplikt, varslingsplikt og høyring. Høyringsuttalane skal vere skriftlege.»

Det er ikkje kome inn høyringsuttaler.

#### **Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Ingen.

#### **Rådmannen si vurdering**

Framlegget til forskrift for Gloppen kommune oppfyller lovendingane vedtekne i Stortinget 13. juni 2016 om rett til opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester – kriterium og ventelister.

Før forskrifta blir lagt fram til endeleg behandling blir eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne inviterte til å uttale seg om framlegget til forskrift.

Det er ikkje naturleg at rådmannen kjem med framlegg til uttale frå råda. Saka blir derfor lagt fram utan tilråding.

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.04.2017**

#### **Behandling**

Helse- og omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

#### **RAD- 011/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknader til saka.



Vedtaket var samrøystes.

### **Eldrerådet 03.04.2017**

#### **Behandling**

Helse og omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

#### **ELD- 009/17 Vedtak**

Eldrerådet tek saka til orientering, men minner nok ein gong om det skrikande behovet for fleire heildøgns plassar.

Vedtaket var samrøystes.



Saksnr.	Utval	Møtedato
015/17	Helse- og omsorgsutvalet	05.04.2017
010/17	Eldrerådet	03.04.2017
012/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	03.04.2017

## Omdisponering av ressursar frå dagtilbod til reinhald i Breim heimeteneste - utprøving i eit år

### Kort samandrag av saka

Rådmannen foreslår å omdisponere ressursar frå dagtilbod til reinhald som utprøving i eit år. Bakgrunnen for forslaget er stort behov for helse- og omsorgstenester og helsepersonell i tenesta for å kunne yte fagleg forsvarlege tenester innanfor tildelt budsjetttramme.

### Rådmannen si tilråding

Helse- og omsorgsutvalet vedtek å omdisponere ressursar tilsvarande 20 % stilling frå dagtilbod til reinhald i Breim heimeteneste som utprøving i eitt år.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I Breim heimeteneste har Gloppen kommune i fleire år hatt dagtilbod ein dag per veke for bebuarane på Byrkjelotunet og andre som bur heime. Dei to siste åra har det vore svært få deltakarar utanfrå Byrkjelotunet. I same periode har ein fått stadig fleire og meir fagleg utfordrande helse- og omsorgsoppgåver.

#### Fakta i saka

I Breim heimeteneste er det ca 20 % stilling som helsefagarbeider knytt til dagtilbodet i Breim på Byrkjelotunet. Dei to siste åra har dagtilbodet vore ope ein gong i veka 42 veker i året. Ved årskiftet 2015/2016 hadde dagtilbodet 11 deltakarar. Ved årskifte 2016/2017 var deltakartalet 8, fleirtalet bur på Byrkjelotunet. Det har dei siste åra vore lite rekruttering til dagtilbodet utanfor omsorgsbustadane.

Dei siste åra har heimetenesta fått stadig fleire brukarar med samansette sjukdomstilstandar og eit omfattande pleie- og omsorgsbehov som no bur i omsorgsbustader. Det er stor trong for helsefagleg kompetanse og eit behov for å sjå på korleis ein brukar eksisterande ressursar. Einingsleiar vurderer no situasjonen slik, at for å kunne yte den helse- og omsorgstenesta brukarane har behov for, er det nødvendig at all helsefagleg kompetanse vert nytta til personleg hjelp. Deler av den praktiske hjelpa kan utførast av reinhaldarar med kompetanse på området. Reinhald på bukollektiva i Breim har tradisjonelt vore utført av helsefagarbeidarar. Då det den seinare tid har vore stort press på tenestene for å kunne gje tilstrekkelege og gode helse- og omsorgstenester har det vore leigd inn reinhaldspersonell frå kommunen si reinhaldsavdeling. Dette har gått av ekstravaktsbudsjettet. Dei har hatt ansvar for reinhald av golv i fellesareal kvar veke og reinhald av golv i brukarane sine leiligheter kvar 14. dag etter vedtak. Bruken av innleige har vore begrensa til timetal og konkrete oppdrag. Helsefagarbeidarar har hatt ansvar for helsehjelpa til brukarane og ein del daglege praktiske oppgåver

### **Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Forslaget om å dreie ressursar frå drift av dagtilbodet til reinhald medfører ikkje ekstra kostnader, men er ei dreining av eksisterande ressursar.

### **Rådmannen si vurdering**

Forslaget om å dreie ressursar frå drift av dagtilbod til reinhald, innebær i fyrste omgang å prøve dette ut i eitt år.

Utfordringane er at det vert stadig fleire og meir komplekse helse- og omsorgsoppgåver som kommunane skal løyse. Det er ei klar forventning om at fleire brukarar skal få tenester i kommunen og kommunane overtek ein del oppgåver som tidlegare låg til spesialisthelsetenesta. Dette er i tråd med nasjonale føringar og forventningar. Dette krev personell som har helsefagleg kompetanse i tenestene og det er viktig å nytte denne kompetansen best mogleg. På samme tid er også reinhald vorte eit eige fag som krev eigen type kompetanse.

Ei anna side ved denne saka er fokuset på at sosiale møteplassar også er viktig og dette har vi satsa på i kommunen dei seinare åra. Det gjev helsegevinstar å ha møteplassar med aktivt innhold.

Vurderinga i denne saka vert kva som er best og rettast utnytting av knappe ressursar. På den eine sida er det heilt nødvendig å kunne gje fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester til dei som har behov for og rett til det. Dette kan vi best ivareta ved å nytte helsepersonell med rett kompetanse. Også sosiale møteplassar er viktige for å skape gode dagar for dei eldre og vi ser at ved å omdisponere ressursane så manglar vi dette tilbodet dersom behova endrar seg og fleire ville etterspørje dagtilbodet. Det er sjølvstøtt også av verdi for dei som bur på Byrkjelotunet. Eit anna moment er at vi i dag nyttar vi helsepersonell til reinhald og har heller ikkje alltid nok ressursar til å yte både helsetenester og reinhaldstenester.

På dagtilbodet den seinare tid er det få utanfrå som har nytta seg av tilbodet og spørsmålet vert om vi bør nytte denne ressursen til å leige inn reinhaldspersonell og frigjere personalressursar til helse- og omsorgstenester. Det innbær at vi då ikkje har dagtilbod i Breim til innbyggjarane i Breim som bur heime. Kanskje kan desse nytte seg av andre møteplassar som er arrangert i regi av frivillig lag og organisasjonar? Det eksisterar mange møteplassar i kommunen i regi av frivillige. Kommunen er også ein viktig samarbeidspart for å få til gode møteplassar og ynskjer å tilrettelegge for dette. I bukollektiva i Breim har bebuarane besøk av besøkvenner og frå frivillige organisasjonar som arrangerer trim, bingo, kaffistunder med underholdning og liknande aktivitetar. Gjennom prosjektet Seniorettreff i Gloppen er det etablert Onsdagstreffet på Gloppen omsorgssenter som er ein møteplass og tilbod til brukarar både frå Hyen, Sandane og Breim.

Kostnad ved innleige av reinhaldarar vil vere noko lågare enn ressursen som er sett av til dagtilbodet slik situasjonen er i dag.

Rådmannen sitt forslag vert å tilrå å omdisponere ressursane i eit prøveår. Dette for å utnytte ressursane og yte lovpålagde tenester innan for budjettramme. Rådmannen ser også uheldige konsekvensar av å ikkje ha eit dagtilbod i Breim, men den samla vurderinga er at dette er ei løysing for å kunne yte forsvarlege helse- og omsorgstenester innan for tildelt budjettramme.

### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.04.2017**

#### **Behandling**

Helse- og omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

### **RAD- 012/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne oppmodar administrasjonen om å ta kontakt med frivillege lag og organisasjonar, som i lag med Frivillegsentralen kan utfordrast til å organisere eit vekentleg treff med eit felles måltid på Byrkjelo, til liks med det som vart etablert på Gloppen Omsorgssenter hausten 2016. Det må då vere fagpersonell tilgjengeleg for hjelp ved toalettbesøk etc.

Vedtaket var samrøystes.

### **Eldrerådet 03.04.2017**

#### **Behandling**

Helse- og omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

### **ELD- 010/17 Vedtak**

Eldrerådet tar saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

### **Helse- og omsorgsutvalet 05.04.2017**

#### **Behandling**

Forslag frå **Vidar Sandal (Sp)**:

Helse- og omsorgsutvalet ynskjer å vidareføre dagtilbodet i Breim. Utvalet ynskjer ein plan på korleis ein kan skape betre deltaking på dagtilbodet gjennom tettare samarbeid med frivillige organisasjonar.

Ved alternativ avrøysting fekk  
- framlegget frå Vidar Sandal 6 røyster og  
- rådmannen si tilråding ei røyst.

### **HOU- 015/17 Vedtak**

Helse- og omsorgsutvalet ynskjer å vidareføre dagtilbodet i Breim. Utvalet ynskjer ein plan på korleis ein kan skape betre deltaking på dagtilbodet gjennom tettare samarbeid med frivillige organisasjonar.

Vedtaket var gjort med 6 røyster.



Saksnr.	Utval	Møtedato
011/17	Eldrerådet	03.04.2017
013/17	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	03.04.2017
014/17	Helse- og omsorgsutvalet	05.04.2017

## Planprogram for helse og omsorgsplan 2018-2030

### Vedlegg i saka:

23.03.2017 Planprogram for Helse og omsorgsplan

### Rådmannen si tilråding

#### *Til eldrerådet:*

Eldrerådet vel..... som sitt medlem til arbeidsgruppa.

#### *Til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:*

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vel..... som sitt medlem til arbeidsgruppa.

#### *Til helse- og omsorgsutvalet:*

Helse- og omsorgsutvalet legg planprogramet for helse- og omsorgsplan 2018-2030 ut på høyring med 15.05.2017 som høyringsfrist.

Utvalet vel..... som sitt medlem til arbeidsgruppa.

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Den forrige helse- og omsorgsplanen vart vedteken i 2007 med tidsramme fram mot 2010. I planstrategien for Gloppen kommune 2016-2020 står det at arbeidet med ny kommunedelplan for helse og omsorg skal starte opp våren 2017.

#### Fakta i saka

I tråd med plan- og bygningslova inneheld planprogrammet føremålet med planen, organiseringa av planprosessen, opplegg for medverknad og ein framdriftsplan. Planprogrammet skal vere på høyring i seks veker, høyringsfristen blir då 15.05.2017.

I planprogrammet sitt kapittel 5.1 om arbeidsgruppa står det at helse- og omsorgsutvalet skal peike ut ein politiker til arbeidsgruppa, og at eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal få høve til å peike ut ein brukarrepresentant kvar.

I kapittel 6, framdriftsplanen, vert det lagt opp til ein prosess der mesteparten av arbeidet skal gjerast hausten 2017, og at vedtak skal gjerast i januar 2018.

#### Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planarbeidet har ikkje direkte økonomiske konsekvensar for kommunen utover den arbeidstida som går med til å utarbeide planen. Økonomiske konsekvensar av tiltak i planen må inn i økonomiplanen.

#### **Rådmannen si vurdering**

Rådmannen vurderer at planprogrammet for helse og omsorgsplan 2018-2030 oppfyller krava i plan- og bygningslova.

Rådmannen inviterer råda og helse- og omsorgsutvalet til å peike ut sine representantar til arbeidsgruppa.

#### **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.04.2017**

##### **Behandling**

Helse- og Omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

#### **RAD- 013/17 Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vel Else Tystad som sitt medlem til arbeidsgruppa.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Eldrerådet 03.04.2017**

##### **Behandling**

Helse- og omsorgssjef Anita Eide Lothe orienterte om saka.

#### **ELD- 011/17 Vedtak**

Eldrerådet vel Maria Lundestad som sitt medlem til arbeidsgruppa.

Vedtaket var samrøystes.

#### **Helse- og omsorgsutvalet 05.04.2017**

##### **Behandling**

#### **HOU- 014/17 Vedtak**

Helse- og omsorgsutvalet legg planprogramet for helse- og omsorgsplan 2018-2030 ut på høyring med 15.05.2017 som høyringsfrist.

Utvalet vel Arnfinn Brekke som sitt medlem til arbeidsgruppa.

Vedtaket var samrøystes.